

Endeleg ein heil jazzkveld med Jazzverket og Ole Jacob Hystad.

Etter eit vellukka samarbeid under 'korjazzkonserten' til Rosendal Songlag november2009, har Jazzverket lenge ønskt seg eit samarbeid med nettopp tenorsaksofonisten Ole Jacob Hystad frå Stord. Instrumentet og det særeigne og leikne uttrykket hans løfter musikken på magisk vis.

At dei unge og lovande Vegard Døsmland (trompet) og Gopi Storegjerde (vokal) vil være med gamlegutta trekk ikkje akkurat ned. Det blir spennande og sjå kva eit samspel mellom drivne Hystad og "ferske" Døsmland kan føre til. Gopi har sunge med Jazzverket før, men denne gongen er det ei langt meir moden jazzstemme vi møter.

I tillegg har det dukka opp ein suveren ringrev av en pianist i lokalmiljøet, nemlig Ivar Baste, no busett i Dimmelsvik! Ivar heng seg på iallfall delar av kvelden og to tangentvirtuoser samtidig er sjeldan kost!

Etter "minikorjazzstemnet" i samfunnshuset samme dag vil Jazzverket med vener presentere eit variert program med standardlåter, latin, blues og noko eigenprodusert stoff på Rosendal Turisthotell 2. oktober kl 22.00, lovar arrangørane i ei pressemelding.



Ole Jacob Hystad spelar frå Bøkkerverkstaden i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)